Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43 Fylke: Möre & Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Hareid

Emne: Ting til lækjedom og vern mot sjukdom Bygdelag: Nedre Hareidsdal

Oppskr. av: Ludv. N. Holstad Gard: Holstad

(adresse): Hareid G.nr. 46 Br.nr. 5.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Nei.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Ja
Etter det gamle folk fortel.

SVAR

a.) Ringar.

Spm. 1-2. Ja slike ringar vart stundom brukte for ei 50-60 år sidan. Ikkje etter kring 1915-20 trur eg. Helst var dei vel brukte mot gikt. Dei var glatte som gifte=ringar og såg ut som av messing, men ein 80 åring eg snakka med trudde der kanskje var bly inni dei. Om der var noko rissa inde veit eg ikkje.

Spm. 3-5. Nei, eg har ingjo fått noko sikre svar på desse spm. Der har vel vore lysingar å sjå i avisene kanskje, men helst har dei höyrt om desse ringane av andre som har gått med dei. Dei var å få til kjöps på somme butikkar men prisen kan ingen hugse no. Lånt frå den eine til den andre trur dei ogso at dei vart. Spm. 5 veit vi ingenting om her.

Armbånd.

Spm. 6. Ja, band rundt armen var brukt for sjåpoks. Ein gamal 80 åring har berre höyrt gjete at dei var brukt men han visste ikkje kor dei såg ut. Ein

10035

annan gamal mann eg nyleg tala med
om dette hadde ingenting høyrt om
noko sleikt.

Spm. 7–9. Nei, eg har inkje komme
over nokon som veit om dette.

## Belter.

Spm. 10.–11. Veit inkje noko opplysningar
om dette.

Spm. 12. I min barndom og ungdom var
det mykje snakk og skriving om elektriske
belter. Det stod store lysingar i avisene, men
prisen husgar eg inkje. Mange brukte slike
belter, men kva dei var laga av eller storleik dei såg ut veit eg inkje. Dei var
brukt for mange slags sjukdomar, også
gikt og nervesjukdomar. Og somme
sa det var god hjelp i dei.

Denne belte feberen rasa nokre år
kring 1900 og etter men vart so slutt.
Noko meir veit eg inkje om dette.

Spm. 13. Veit inkje noko.

## Øyreringar.

Spm. 14. Ja, slike ringar var vanl i
bruk også av menn. Kring 1900 og fram
etter ~~[illegible]~~ vart det slutt litt etter kvart.

Spm. 15–19. Desse ringane var helst av
bly. Seinare fann dei ut at
gull eller messing var like godt som
bly og då var det mange som brukte
slike. Ringar av bly med eit anker av
bly inni var best for sviding i augo.



Dei var runde og var stokne
gjennom eit hol i øyreflippen. Ein
kamerat stakk hol med ein syl

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
10035

mot ei råpotet. Dei hadde ringar i begge øyro. Desse ringane var gode mot rinnande augo, betendelse og sviing (i) augo og for skjerping av synet.

Stundom var det vel augo som fekk skulda når kvinfolka bar slike ringar og, men helst bar dei slikt for stas og pynt. Det var iallfall fleire kvinner enn menn som brukte øyreringar.

Spm. 20. Det einaste eg har fått sikker greie på er at dei gjekk med ei rå potet i lomma og det var for gikt. Ei heil rå potet.

Ein gamal fiskar fortel:
Då eg var ombord i „Skolma" (ein fiskebåt) var skipperen so plaga av gikt. Han tok seg ei stor råpotet og bar støtt i lomma og det meinte han var hjelp i. „Ser du," sa han, og synte meg poteta, „ho er svart av gikta som ho dreg ut or kroppen".

Spm. 21. Det var mykje brukt å gå med kattaskinn, med håra inn på bryst eller rygg. Allcocks plaster likeins.

Spm. 22. Nokor fellesnamn på desse råder veit eg ikkje.

10035

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING